Fylkesmannen godkjenner garanti

22.04.2009

Fylkesmannen har godkjent vedtaket i kommunestyret 26. mars om å stille garanti for lån til Uskedalen Aktivitetshus på 1.253.184 kroner over 25 år. Dei tre første åra er avdragsfrie.

Garantien vert stilt som erstatning for tre eksisterande lån i Sparebank 1 Kvinnherad.

Kommunen har tidlegare stilt garanti for lån på 400.000 og 300.000. Attståande garanti er 666.021 kroner. Denne garantien (knytt til to av låna) fell bort ved refinansiering.

Vilkår for fylkesmannen si godkjenning er at garantien vert nedtrappa i tråd med nedbetaling av lånet. Garantien fell i alle høve bort etter 25 år.
Låntakaren er organisert som eit AS. Det er eit vilkår at selskapet ikkje betalar utbytte i garantiperioden, men at overskot blir i selskapet, skriv fylkesmannen.